



Øystre Slidre ungdomsråd

v/Eirik Bråten

Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

Referat frå møte i Øystre Slidre ungdomsråd, torsdag 23.3.2022

Stad: Ungdomens kulturhus Gapahuken

Møtt: Kristin Alfstad, Erlend Aasan, Eirik Bråten, Jostein Sørengen, Ingrid Stalenget

For kommunen: Øystein Skattebu

Sak 22/1 Infosaker

Prosjekt: NE-S (E-sportsenter i Øystre Slidre kommune)

Kommunen er så smått i gang med eit treårig prosjekt for å etablere eit senter for e-sport og gaming. Sparebankstiftelsen DNB har støtta prosjektet med 304 000kr, som skal gå ut 2024. Målet er å etablere ein møteplass for gamingsinteresserte i alle aldrar. Prosjektet vert leia av ungdomskonsulent Øystein Skattebu, og er no i ei medverkingsfase for å sikre god brukarinvolvering og forankring i lokale behov. Det vert no jobba med å finne aktuelt lokale.

Ny aktivitetsleiar på ungdomsklubben

Kommunen har tilsett Andreas Kristian Johansen som ny aktivitetsleiar i 30% stilling ved Ungdomens kulturhus Gapahuken. Andreas vil ha hovudansvar for planlegging og gjennomføring av aktivitet på klubben, samt oppfølging av STABEN.

Sak 22/1 Drøfting av ny modell for forhandlingsmøtet

Bakgrunn for drøftinga:

Øystre Slidre kommune set årleg av 62 000kr til arbeid for styrking av ungdomsdemokrati i kommunen. Desse midlane er fordelt slik at ungdomsrådet disponerer 32 000 kr som dei kan nytte til aktivitetsskapande tiltak for ungdom. Dei resterande 30 000kr sett av til eit forhandlingsmøte mellom elevråda på Rogne og Lidar, der skulane kan forhandle om midlar til aktivitetsskapande tiltak på skulane.

Ungdomsrådet hadde tidlegare ei delegert oppgåve med å skape aktivitet for unge i kommunen. Pengane (32 000) var meint å bidra til å skape denne aktiviteten, som ungdomsrådet tidlegare nytta til å arrangere ulike kurs, konserter og foredrag. Med lovfesting av ungdomsråd og nye retningslinjer for Øystre Slidre ungdomsråd frå 2021, er ungdomsrådet no primert eit rådgjevande organ, som skal gje uttale i politiske saker som opptek ungdom. Det er ei stund sidan ungdomsrådet sist nytta midlane til aktivitetar og eigne arrangement. Dei dei siste åra har stort sett har vorte nytta til ulike føremål kring ungdomsklubben.

Forhandlingsmøtet mellom Lidar og Rogne er eit årleg møte, og er i seg sjølv ein god tradisjon som skulane og elevane set pris på. Ordninga er ein fin måte for elevane å jobbe med demokratiske prosessar, argumentere for ei sak, og for å møte politikarane på Tingvang. På den andre sida, ser administrasjonen ein tendens til at midlane ikkje alltid kjem til nytte eller blir brukt. Det kan vere fleir årsakar til dette, men administrasjonen meiner det er grunnlag for å sjå på om ordninga bør endrast. Elevrådet ved ØSUS har også vore kritiske til at dei ikkje får vere med på forhandlingane, då dei også har behov for midlar til aktivitetstiltak på skulen.

Framlegg til drøfting:

Bør det vurderast ei ny organisering av forhandlingsmøtet der

- forhandlingane er mellom elevråda ved Rogne, Lidar og ØSUS
- det kan forhandlast om 62 000kr (heile potten til ungdomsdemokrati)
- ungdomsrådet styrer forhandlingane og tek avgjerda i fordelinga.
- tiltaka må tilfredsstille ulike kriterier for openheit og tilgjengelegheit, inkludering og.l.



Øystre Slidre ungdomsråd

v/Eirik Bråten

Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

Resultat av drøftinga:

Ungdomsrådet stiller seg positive til ei endring i modellen for forhandlingsmøtet, og at ein større del av midlane til «ungdomsdemokrati» inngår i dette. Ungdomsrådet kom med forslag om at 12 000 vert fordelt på dei tre elevråda som ei årleg løyving. Desse midlane (4000 per elevråd) kan brukast på aktivitetsutstyr som ballar, hoppetau og spadar kvart år. Midlane skal disponerast av elevråda, og skal brukast på tiltak som kjem flest mogleg elevar til gode.

Ungdomsrådet ynskjer at dei resterande 50 000 skal setjast av til forhandlingsmøtet, der alle tre elevråda skal kunne delta. Ungdomsrådet tek gjerne ansvar for gjennomføring og avgjerala i forhandlingane, anten i samarbeid med formannskapet eller åleine. Det er viktig at det vert sett gode kriterier for evt. tildeling av midlar. Det bør og leggast opp til at dei gode prosjekta som kjem mange til gode får størst prioritet, og at det kan vere mogleg å gje heile forhandlingssummen på 50 000 kr til eitt enkelt tiltak.

Ungdomsrådet vil arbeide vidare med forslag til ny modell for forhandlingsmøtet ved neste møte. Øystein avklarar med administrasjonen om me kan gå vidare med denne prosessen.

Sak 22/2 Flyktningar til Øystre Slidre

Bakgrunn for saka:

Etter ynskje frå administrasjonen / flyktningstenesta i kommunen, fekk ungdomsrådet litt informasjon om kva me ventar av flyktningar til i kommunen i 2021. Ungdomsrådet fekk også spørsmål om kva som er viktig for ungdom å vite om flyktningar som kjem til kommunen, og kva ungdom evt. kan bidra med.

Kommunen ventar å skulle busetje inntil 65 flyktningar i 2021. Desse skal bu i Øystre Slidre, og vil ha rett til å leve eit «normalt liv» med arbeid, skule, barnehage og fritidstilbod. Desse flyktningane kan koma frå Ukraina og andre stader i verda.

I tillegg har kommunen meld inn at me kan opprette eit akuttmottak med inntil 160 plassar i den gamle sjukeheimen på Heggenes. Eit akuttmottak er den staden flyktningane kjem til og bur i perioden frå dei kjem til landet til dei blir tildelt ei kommune der sei skal busetjast. I utgangspunktet er flyktningane i akuttmottak i 1-2 månader før dei vert busett i ei kommune.

Ungdomsrådet meiner:

- Det er viktig at kommunen er tidleg ute med rett informasjon til innbyggjarane for å unngå skepsis, antakingar og feilinformasjon kring flyktningane. Me må vite kven som kjem og kva vanskar dei kan ha med seg, for å kunne vite korleis me skal omgås dei. Open kommunikasjon.
- Det er viktig at kommunen som heilsak gjennom administrasjonen, kommunale tenester, frivillige, lag og organisasjoner, ALLE, tek ansvar for å inkludere flyktningane i aktivitetar og dagslivet i kommunen.
- Det er viktig at det vert organisert slik at alle kan gjere seg forstått, åleine eller gjennom tolk i møte med lokalbefolkninga. Spesielt viktig i barnehage og skule.
- Idretten bør oppmodast om å skape ekstra aktivitet for flyktningane, med fokus på det sosiale, glede og inkludering. Det er viktig med fritidstilbod og leik frå dag ein.

Sak 22/3 Førebu møte med SB1

Bakgrunn for saka:

Ungdomsrådet er invitert til eit møte med Sparebanksstiftelsen i Øystre Slidre for å koma med innspel til kva tiltak som kan gjøre Øystre Slidre til den «råaste» kommunen å vekse opp i. Stiftelsen har ein del midlar på bok, og er villige til å bidra for å skape betre oppvekstvilkår i kommunen.



Øystre Slidre ungdomsråd

v/Eirik Bråten

Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

Vedtak:

Eirik og Erlend møter for ungdomsrådet, onsdag 30.3. kl.15.00 i Gapahuken.

Øystein blir også med.

Aktuelle prosjekt / tiltak:

- uteområde ØSUS
- E-sportsenter
- Tribune på Storefoss
- Furustrand

Sak 22/4 Eventuelt

22/4-1 Uteområde ved ØSUS

Ungdomsrådet ynskjer info om framdrift for planane for uteområdet på ØSUS. Kvifor går det så tregt?

Om det ikkje vert aktuelt med ei større opprusting på nokre år, bør i det minste ein del småtiltak på plass innan kort tid. Dette kan vere enkle tiltak som å reparere gjerda i ballbingen, erstatte øydelagde husker, nye basketkorger i ballbingen og benkar på skuleplassen. Apparat som er øydelagde må fjernast og uteområda må ryddast etter stormen i haust. Trivsel og aktivitet for elevane som går på skulen no er også viktig. Ungdomsrådet seier at dei ikkje stiller så høge krav. Ein vil koma langt med dei tiltaka som er nemnt i fyrste omgang.

22/4-2 Sakar me tek opp ved neste møte:

- Ny modell for forhandlingsmøtet
- Folkehelseprofil/Ungdata
- Standard for Gapahuken
- Invitasjon – foredrag om Livsglede, 24.mai på Tingvang

Skrivar

Øystein Skattebu